



LINDÅS KOMMUNE
Areal- og miljøavdelinga

5914 Isdalstø

Arkiv: 062/047
Saksmappe: 02/01884-7
Sakshandsamar: Knut Bjørnevoll

Bjørgvin VVS AS

Søråshøgda 9, Kilden Senter
5235 RÅDAL

Saksnr	Sakstype	Vedtaksdato
087/04	<i>Delegert sak handsama av avdelingssjefen</i>	24.03.04

Igangsetjingsløyve for avløpsanlegg Trond Litleskare - Gnr.062 Bnr.047 m.fl. Tofting

Dokument :

Søknad om igangsetjingsløyve, motteken 29.10.2003
Plan for avløpsanlegg, trinn 1
Søknad om ansvarsrett
Kontrollplanar, kontrollerklæring for prosjektering
Utsleppsløyve og rammeløyve sak 283/02, datert 27.11.02

Saksutgreiing :

Søknaden gjeld utføring av felles avløpsanlegg, trinn 1, etter rammeløyve og utsleppsløyve i sak 283/02, datert 27.11.02, med tilkopling av 3 hytter og ein heilårsbustad i første omgang: 62/30 (Kurt Skår), 62/47 (Trond Litleskare), 62/54 (Stein Haugland), 62/43 (Magnar og Astri Bergås).

I sak 283/02, datert 27.11.02; Utsleppsløyve og rammeløyve er det presisert at det anlegget som det no er gjeve løyve til, ikkje gjeld for heile hyttefeltet, men er mellombels og gjeld inntil grensa på 15 PE er nådd. Søkjar har ikkje dokumentert løyve/avtalar med vegvesenet eller grunneigarar om plassering av anlegg. Det er heller ikkje organisert noko fellesskap for anlegget, det er berre sendt inn eit framlegg til avtale mellom partane. Full utbygging av permanent anlegg bør prosjekterast og kostnadsreknast, for å takast med i avtalen mellom dei som vert eigarar av avløpsanlegget.

Vedtak:

Søknaden om igangsetjingsløyve etter plan- og bygningslova § 93, jf. § 95a, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar på følgjande vilkår :

1. Det må dokumenterast løyve frå grunneigarar til å leggja leidning over andre eigedommar, og frå statens vegvesen for arbeid ved brufundament.

(forts.)

2. Anlegget må plasserast slik at det ikkje kjem i konflikt med framtidig bygg på tomt mellom 62/43 og 62/54.
3. Kvar eigedom skal ha slamavskiljar med dimensjon godkjent for den aktuelle bruken.
4. Stake/spylekum, merka "20" på planen bør plasserast med botn kum på minimum kote 3, for å sikra trykk nok i utsleppsleidningen. Alternativt kan kummen sløyfast, men då må det vera spylemulighet med stengeventil på alle tilkoplingar til utsleppsleidningen.
5. Det bør nyttast betonglodd på utsleppsleidningen.
6. Eigarane av dei eigedommane som knyter seg til anlegget forpliktar seg til å ta sin del av kostnaden med framtidig permanent anlegg.
7. Anlegget må ikkje takast i bruk før ferdigattest/mellombels bruksløyve er gjeve (PBL § 99).

I samsvar med Plan- og bygningslova § 93 jfr. § 95, vert det ikkje tillate å setja i gang arbeid før **punkt 1** i vedtaket er stetta.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år. (jf. Pbl. § 96)

Godkjenningar (Pbl §§ 93 b, 98 og 98 a)

BJØRGVIN VVS AS vert godkjent som ansvarleg føretak for følgjande godkjenningssområde: SØK/PRO/KPR/UTF/KUT for heile tiltaket.

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagt orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd)

for avd.sjef areal og miljø



Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Kopi til:

Trond Litleskare Løbergssvingen 9, 5055 BERGEN

VA-avdelinga

Grunneigarar, etter vedlagt liste

GRUNNEIGARAR I TOFTINGANESET

pr. 25.03.04

- 62/3 Svanhild Tofting, Tofting, 5912 SEIM
- 62/30 Kurt Skår, Granlien 9, 5104 Eidsvåg
- 62/31 Frode Svendsen, Hordagaten 14, 5056 BERGEN
- 62/32 Olaf Ingvald Skjelbred, Ole Irgens' Vei 57, 5019 Bergen
- 62/43 Magnar og Astri Bergås, Bergås, 5912 SEIM
- 62/46 Eddie Kalleklev, Trollien 1, 5101 Eidsvågsneset
- 62/47 Trond Litleskare og Merete Knudsen, Løbergssvingen 9, 5055 Bergen
- 62/48 Arild Nedreaas og Lisbeth Larsen, Ospedalen 71,5300 KLEPPESTØ
- 62/49, Arvid Sjur Toppe, Morvikveien 20, 5122 Morvik
- 62/51 Svanhild Tofting
- 62/52 Svanhild Tofting
- 62/53 Svanhild Tofting
- 62/54 Stein Haugland, Garnesrenen 19, 5264 GARNES